



- eit fyrtårn i vest

Plan for integrering

Skildring av integreringsarbeidet i Øygarden kommune
2026



Øygarden kommune skal følgja flyktningane og familiare deira gjennom heile integreringsreisa – frå vi får oppmoding om busetjing, til dei er komne i arbeid og/eller utdanning og står trygt på eigne bein.

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Samandrag

Denne planen viser korleis Øygarden kommune skal leggja til rette for at flyktningar og innvandrarak får ein trygg start og gode moglegheiter vidare. Målet er at barn og vaksne skal læra norsk, kome i arbeid eller utdanning, og bli ein naturleg del av lokalsamfunnet vårt. Planen legg vekt på heilskapleg oppfølging. Kommunen skal leggja til rette for tett oppfølging frå busetjing til den enkelte står trygt på egne bein.

Lærings- og integreringssenteret koordinerer tenestetilbodet i den første fasen. Senteret har kompetanse innan språk, helse, familie, skule og arbeid - og samarbeider tett med flyktningshelsetenesta, Nav, barnehagar, skular, bustadforvaltninga, frivillig sektor og næringslivet.

Barn og familiar står i sentrum. Kommunen skal sørge for rask overgang til barnehage og skule, god språkhjelp, foreldrerettleiing og trygg bruk av tolk. Vi vil òg hjelpe fleire barn inn i fritidsaktivitetar, slik at dei opplever meistring og fellesskap frå første dag.

Språk og arbeid er nøkkelen. Planen viser korleis Lærings- og integreringssenteret skal styrkje norskopplæringa, skaffe fleire praksisplassar og samarbeida tettare med næringslivet. Målet er fleire i jobb, kortare ventetid og meir sjølvstende for kvar einskild.

Frivillig sektor er ein viktig medspelar. Gjennom aktivitetsguidar og møteplassar ynskjer vi som kommune å byggja bru mellom menneske, redusere utanforskap og førebyggja rasisme og negativ sosial kontroll.

Planen har ikkje ein fast tidsperiode, men skal reviderast ved behov. Den legg grunnlaget for eit langsiktig integreringsarbeid der kvalitet, samarbeid og resultata for busette flyktningar og innvandrarak er i sentrum. Avdelingar og einingar som jobbar direkte med ulike integreringsoppgåver, vert oppfordra til å lage egne konkrete mål og tiltaksplanar som kan evaluerast og rapporterast på gjennom kommunen sitt system for verksemdsstyring.

Planen skildrar ulike sider av integreringsreisa - og dei ulike kapitla og avsnitta kan lesast uavhengig av kvarandre.

Kort sagt: Planen viser korleis vi saman vil skapa tryggleik, god samhandling og moglegheiter - og korleis vi som kommune kan invitera fleire inn i fellesskapet vårt på ein god måte.

Innhold

1. Innleiing	4
1.1 Bakgrunn	5
1.2 Arbeidsprosess og medverknad	5
1.3 Samfunnsøkonomisk gevinst av god integrering	6
1.4 Integrering og levekår	6
2. Visjon og hovudmål for kommunen sitt arbeid med integrering	7
2.1 Delmål for integreringsarbeidet	8
2.2 Ein veg inn: Relasjonell kompetanse og nettverk rundt flyktningar	9
3. Integreringsreisa til flyktningane	10
3.1 Busetjing og bustadsosial oppfølging	10
3.2 Familierettleiar	11
3.3 Busetjing av einslege mindreårige flyktningar	11
3.4 Familiehelsetenesta	11
3.5 Skule og barnehage	13
3.6 Språkopplæring og kvalifisering gjennom introduksjonsprogrammet	14
3.7 Kommunen som språk- og praksisplassarena	16
3.8 Samarbeid med lokalt næringsliv/arbeidsmarknaden	17
3.9 Arbeidsretta og fleksibel norskopplæring	17
3.10 Utdanningsretta løp	17
3.11 Nav si rolle i integreringsreisa	18
4. Samarbeid med frivillige organisasjonar	18
4.1 Kvardagsintegrering	18
4.2 Samarbeid med frivilligheita	19
4.3 Aktivitetsguide som verkemiddel for integrering	20
4.3 Vidare utvikling	20
4.4 Sosiale møteplassar – førebygging av rasisme og diskriminering	20
5. Integreringstilskotet og andre tilskotsordningar frå IMDi	21
5.1 Samordne, søkje og rapportere på ekstratilskot	23
6. Bruk av tolk i opplæring og offentlege tenester	23
7. Oppsummering av hovudpunkta i plan for integrering i Øygarden kommune	24
8. Vedlegg	25
Oversikt over persontypar, rettar og plikter etter integreringslova og utlendingslova	25
9. Kjelder og inspirasjon	27

1. Innleiing

Denne planen skildrar korleis Øygarden kommune vil følgja flyktningar og innvandrarar gjennom heile integreringsreisa. Målet er enkelt og ambisiøst: at barn og vaksne skal få moglegheiter, fellesskap og ei varig tilknytning til lokalsamfunna våre. For å lukkast må alle tenester arbeida i same retning, og kommunen må gi støtte som er både tidleg, tett og treffsikker. Lærings- og integreringssenteret har ei sentral rolle i dette arbeidet. Her møtest kompetanse på språkopplæring, helse, kvalifisering og rettleiing, arbeid og familie. Samarbeidet med barnehage, skule, Nav, frivillige lag og lokalt næringsliv er avgjerande. Integrering skjer ikkje berre i undervisningsrom og møterom, men i fritidsaktivitetar, nabolag, butikkar og på arbeidsplassar - overalt der folk møtest og bygger kvardagen sin.

Planen for integreringsarbeidet skal vera eit felles utgangspunkt for politikarar, leiarar og tilsette - og eit løfte til dei som kjem hit om at vi vil gi dei ein god start, høve til å utvikle norskferdigheiter og hjelp til å kome raskt i arbeid, utdanning og lokalsamfunnet. Planen skal støtta tenestene i å samarbeida tett, følgja opp familiar systematisk og nytta ressursane på ein effektiv måte. Integrering krev innsats, men innsatsen gir mykje attende: tryggare lokalsamfunn, sterkare fellesskap og fleire som bidrar med kunnskap, arbeid og engasjement.

Det er Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som kjem med oppmodingar til kommunane om kor mange flyktningar dei kan ta imot. Kommunedirektøren vurderer kapasiteten i kommunen og kommunestyret vedtar kor mange flyktningar kommunen skal busetja.

Kommunen har ansvar for å gi fleire viktige tilbod til dei som vert busette, med mål om at flyktningane skal klara seg sjølve på lik linje med andre innbyggjarar. For å lukkast må heile tenesteapparatet bidra og samarbeida. Integreringsarbeidet krev ei heilskapleg tilnærming, der vi samordnar dei kommunale tenestene og arbeidet rundt integreringa. Integreringstilskota frå IMDi skal dekkja meirutgiftene knytte til lovpålagde oppgåver.

Målgruppa for *integreringslova* er vaksne innvandrarar som treng grunnleggande kvalifisering for å koma i arbeid eller utdanning. For flyktningar mellom 18 og 60 år som vert busette etter avtale med integreringsstyresmaktene, er introduksjonsprogrammet det viktigaste verkemiddelet i denne fasen. Programmet skal leggja til rette for at deltakarane raskt får norskopplæring, kunnskap om samfunnet og kompetanse som gjer dei i stand til å delta i arbeid eller utdanning.

Retten og/eller plikta til opplæring i norsk og samfunnskunnskap gjeld for ei breiare gruppe enn flyktningar. Ho omfattar òg familieinnvandrarar, personar med humanitært opphald og arbeidsinnvandrarar frå land utanfor EØS. Slik bidreg dei ulike ordningane samla til at fleire får eit godt grunnlag for deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Sjå vedlegg til planen for oversikt over rettar og plikter for dei ulike gruppene.

1.1 Bakgrunn

Arbeidet med planen byggjer på eit mandat frå leiargruppa i Oppvekst og i Helse og velferd. Kommunsjefen si leiargruppe forankra mandatet 24. juni 2025. I mandatet gav dei lærings- og integreringssenteret i oppdrag å laga eit utkast til ein tverrfagleg plan for integrering i Øygarden kommune. Planen byggjer på desse punkta:

- skildra mål og tiltak for integrering i Øygarden kommune
- kartleggja kva kommunale tenester som skal vera del av eit samla integreringsarbeid
- leggja til rette for felles forståing og open bruk av kommunale og statlege integreringsmidlar
- laga forslag til struktur for samhandling og oppfølging av deltakarar som er i arbeidspraksis eller opplæring
- sikra forankring på tvers av tenester og i den kommunale leiinga
- involvera aktuelle tenester i arbeidet med utkastet, og senda planutkastet på høyring til dei involverte, vernetenesta og tillitsvalde

Etableringa av Lærings- og integreringssenteret under barne- og familiesjefen, er eit konkret tiltak som kan knytast til kapittel 3–5 i samfunnsdelen til kommuneplanen 2022–2034. Satsinga løftar fram mobilisering av menneskelege ressursar, folkehelse, språkopplæring og aktivitetstilbod som viktige strategiar for å førebyggja utanforskap.

Arbeidet er òg forankra i den førebyggjande planen som kommunen vedtok i 2025. Særleg relevante satsingsområde er punkt 7.2 om å styrka foreldrerolla, 7.6 om betre tverrfagleg samhandling, 7.7 om aktivitetstilbod med førebyggjande effekt og 7.8 om å styrka arbeidet gjennom ny organisasjonsstruktur.

Målgruppa vår har ofte utfordringar med fysisk og psykisk helse og levekår. Vi må derfor arbeida målretta for å dempa risikofaktorar og styrka vernefaktorar som språkopplæring, deltaking i fritidsaktivitetar for både born og vaksne, foreldra si omsorgsevne og integrering gjennom arbeid, utdanning og lokale nettverk.

Kommunar får statlege integreringsmidlar frå IMDi. Desse midlane skal dekkja meirutgifter knytt til busetjing av flyktningar og innvandrarar. Midlane skal støtta tiltak retta mot ei definert målgruppe, med mål om økonomisk sjølvstende, god omsorgsevne og aktiv deltaking i samfunnet.

1.2 Arbeidsprosess og medverknad

Lærings- og integreringssenteret har i arbeidet med planen hatt møter med:

- programrådgjevarar, busetjarar og familierettleiar
- avdelingsleiarar for norsk- og samfunnskunnskapsopplæring og avdelingsleiar for FOV
- familiehelsetenesta, familiehjelpa og barnevernet (EM)
- barne- og familiesjefen og kommunalsjef for Oppvekst

- rådgjevarar i Oppvekst, barnehage og avdeling fleispråklege born
- Nav
- kulturavdelinga ved rådgjevar for frivilligheit
- paraplyorganisasjonar innan frivilligheit
- bustadsosialt kontor, nærttenestesenteret og Øygarden bustadforvaltning
- næringssjefen, Vest næringsråd og Sartor senter

Planutkastet vart sendt på høyring og revidert etter innspelsrunden. Utkastet vert sendt til leiarane for dei ulike tenestene som er involverte i flyktningane si integreringsreise. Leiarane sikra og la til rette for at aktuelle tilsette, tillitsvalde og verneombod fekk høve til å lese utkastet, drøfte innhaldet og kome med samla innspel. Målet for arbeidet med planen er å sikra god forankring hos leiarar og politikarar og skape ei felles forståing for korleis vår kommune jobbar for best mogeleg integrering.

1.3 Samfunnsøkonomisk gevinst av god integrering

I følgje Meld. St. 17 Stille krav og stille opp (2023-2024) gir innvandring både moglegheiter og utfordringar. Innvandrarar og barna deira bidreg med kompetanse, mangfald og verdiskaping, samstundes som mange står utanfor arbeidslivet på grunn av utfordringar knytt til språk, utdanning og diskriminering. Førebyggjande og målretta integreringstiltak gir store samfunnsøkonomiske gevinstar. SSB (2023) viser at kvar flyktning som kjem i arbeid reduserer offentlege netto utgifter med fleire hundre tusen kroner årleg. I 2031 kan flyktningar som er i arbeid bidra med eit netto overskot på om lag 240 000 kroner per person, medan dei som fell utanfor kan utgjere eit netto underskot på 258 000 kroner. Samstundes var berre om lag 50 % av flyktningar i arbeidsfør alder sysselsette i 2023, samanlikna med 74 % i befolkninga totalt.

Dette peikar på eit stort potensial for både menneskelege og økonomiske gevinstar gjennom meir effektiv og målretta integrering. Forsking, mellom anna av Nobelprisvinnar James Heckman, viser at investeringar i tidleg kvalifisering - som språk-, arbeids- og utdanningstiltak – gir høg avkastning på lang sikt, særleg for grupper med låg formell kompetanse. Også KS sitt Utanfor-rekneskap viser at tidleg førebyggjande innsats retta mot sårbare grupper, som barn av innvandrarar og låginntektsfamiliar, gir betydelege samfunnsøkonomiske gevinstar.


1.4 Integrering og levkår

Tal frå IMDi sin årlege rapport «*Hvordan går det med integreringen i Norge – Indikatorer, status og utviklingstrekk i 2025*» viser at fire av ti innvandrarborn lever i fattigdom. Trass i positiv utvikling på fleire område, er arbeidsløyse, utanforskap og låg inntekt framleis store utfordringar for mange unge. Fleire norskfødde born med innvandrarforeldre opplever òg diskriminering og lågare tillit til institusjonar i samfunnet.

42 prosent av innvandrarborn lever i familiar med vedvarande låg inntekt. Det same gjeld 26 prosent av born med innvandrarbakgrunn som er fødde og oppvaksne i Noreg. Til samanlikning gjeld dette om lag fem prosent av resten av barnebefolkninga.

Integrering er eit felles ansvar for samfunnet. Ei samla og tverrfagleg innsats i kommunen kan på kort og lang sikt dempa negative konsekvensar av fleire risikofaktorar. Innvandrarar er i kontakt med kommunale tenester gjennom barnehage, skule, arbeid og nærmiljø. Det gjer brei samhandling viktig.

Sidan 2020 har nær 5 000 innvandrarar flytta til Øygarden kommune. Om lag 30 prosent av desse er flyktningar og familiane deira. Familieinnvandring og arbeidsinnvandring utgjer òg rundt 30 prosent kvar. Dei siste 10 prosentane er anten au pairar eller personar som i SSB-statistikken står med utan oppgitt innvandringsgrunnlag.



2. Visjon og hovudmål for kommunen sitt arbeid med integrering

Under arbeidet med temaplanen har vi formulert denne visjonen:

«Øygarden kommune skal følgja flyktningane og familiane deira gjennom heile integreringsreisa – frå vi får oppmoding om busetjing, til dei er komne i arbeid og/eller utdanning og står trygt på egne bein.»

Lærings- og integreringssenteret har ei koordinerande rolle i den første fasen i integreringsarbeidet, og samarbeider tett med nav, andre kommunale tenester, frivillig sektor og næringslivet.

2.1 Delmål for integreringsarbeidet

Integreringsarbeidet er heimla i Integreringslova, Sosialtenestelova og Opplæringslova. Integreringslova sitt hovudmål er å integrere flyktningar og innvandrar i det norske samfunnet, gjennom å legge til rette for at dei får gode norskferdigheiter og kunnskap om norsk samfunnsliv. Eit tilleggsformål er å bidra til at innvandrarakar vert økonomisk sjølvstendige. Formålet med Sosialtenestelova er å betre levkåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og at kvar einskild får høve til å leve og bu sjølvstendig, samt fremje overgang til arbeid, sosial integrering og aktiv deltaking i samfunnet.

Opplæringslova gjev vaksne som manglar fullført grunnskule- eller vidaregåande utdanning rett til tilpassa opplæring for å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Kommunen har ansvar for FOV (førebuande opplæring for vaksne) og realkompetansevurdering på grunnskulenivå.

Desse lovgrunnlaga legg føringar for eit heilskapleg integreringsarbeid der målretta innsats, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling er avgjerande for å lukkast. På bakgrunn av dette er følgande delmål for integreringsarbeidet lagt til grunn:

Koordinering og samhandling

1. Sikre samanhengande løysingar for flyktningar med komplekse utfordringar
2. Ein veg inn, rettleiing og koordinering av tenester frå busetjing til kvalifisering
3. Vidareutvikle tverrfagleg samhandling og kompetansedeling med helse/bhg/skule/barnevern/innbyggartorg/NAV/kultur med fleire
4. Sikre at alle offentleg tilsette kjenner til og brukar tolk når det er naudsynt
5. Effektivisere bruken og fordelinga av integreringstilskota og sikre finansiering til dei lovpålagte oppgåvene

Barn og fritid

6. Syta for at born og unge som ønskjer det, får høve til å delta i fritidsaktivitetar.
7. Førebyggje rasisme og diskriminering ved å legge til rette for sosiale møteplassar
8. Styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar for å auke handlingsrommet for prosjektsøknader (t.d aktivitetsguide)


Bustad og økonomi

9. Styrke bustadsosial oppfølging og deltakarane si buevne
10. Identifisere og søke om øymerka ekstratilskot til flyktningar med helseutfordringar
11. Sikre naudsynt bemanning og drifts-/tiltaksmidlar i integreringstenestene - mål om auke i overgang til arbeid og rask og målretta kvalifisering til arbeid og/eller utdanning

Arbeid, utdanning og kvalifisering

12. Sikre god kvalitet i arbeidsretta norskopplæring og etablere langsiktige utdanningsløp med FOV og vgs (gjerne skreddarsydd kommunen sitt arbeidskraftbehov)
13. Sikre gode overgangar til Nav og Nav sine verkemiddel
14. Vidareføre prosjekt som IPS flyktning og Jobbsjansen
15. Auke kunnskap om og etablere eit system for tilgang på praksisplassar i kommunen
16. Vidareutvikle samarbeid med det lokale næringslivet/arbeidsmarknaden


2.2 Ein veg inn: Relasjonell kompetanse og nettverk rundt flyktningar



Modellen viser korleis Lærings- og integreringssenteret har ei koordinerande rolle i integreringsarbeidet. Integreringsavdelinga samarbeider tett med andre kommunale tenester, frivillig sektor og næringslivet. Flyktningar og innvandrarar i målgruppa for integreringslova kan ta kontakt med senteret for å få hjelp og rettleiing.

Familierettleiar deltek i TryggEst-teamet, og leiargruppa har ansvar for at dei tilsette kjenner til gjeldande lovverk og dei tiltaka kommunen har rundt familiar. Dette omfattar barnehage, skule, bustadoppfølging, familiehelsetenesta, familiehjelpa og tenestene og tiltaka i Nav.

Heilskapleg samarbeid for integrering



3. Integreringsreisa til flyktningane

Kapittel 10 i stortingsmelding 17 «Stille opp og stille krav» handlar mellom anna om styrkt samarbeid og betre samordning. Meldinga peikar på at god integreringspolitikk krev samarbeid for å henta ut gevinstane ved innvandring og samtidig avgrensa dei negative konsekvensane.

Øygarden kommune set derfor flyktningar og deira familiar i fokus. Vi jobbar for å samordna tiltaka rundt både einslege og familiar som treng oppfølging, og vi ønskjer å unngå tiltak eller informasjon som verkar mot kvarandre. Fafo sin rapport om dei standardiserte delane i introduksjonsprogrammet viser at mange kommunar strevar med både kapasitetsproblem og manglande samordning. For å unngå dobbeltarbeid og situasjonar der oppgåver glip, må vi utvikla ei meir heilskapleg oppgåveløysing og sikra at alle aktørane veit kva dei skal gjera.

3.1 Busetjing og bustadsosial oppfølging

Kommunen legg vekt på god bustadsosial oppfølging for å sikra varige og trygge bustadløyningar for flyktningar. Integreringsavdelinga skal sørgja for at dei som vert busette får den oppfølginga dei treng, slik at dei etter kvart kan klara seg sjølve. Flyktningane må busetjast i bustader på lokasjonar som fremjar integrering, slik at dei har tilgang på kollektivtrafikk, barnehage/skule, opplærings- og kvalifiseringstilbod og arbeidsmarknaden. I den første perioden er busetjarane tett på med informasjonsarbeid, rettleiing om lover og reglar, hjelp til søknader, kontakt med barnehage og skule og naudsynt helseoppfølging. Nokre treng tettare oppfølging, til dømes fleire heimebesøk.

Når kommunen buset medisinsk evakuerte, er tett dialog og samarbeid med helsetenesta avgjerande. Dette gir eit godt grunnlag for å kartleggja og følgja opp helsebehov frå første dag. Slik kan vi raskt avdekka forhold som krev særlege tiltak og sikra at vi tilviser vidare til rette tenester.

Lærings- og integreringssenteret samarbeider tett med Øygarden bustadforvaltning for å sikra gode og varige bustadløyningar. Øygarden bustadforvaltning har ansvar for å skaffa og forvalta bustadene, medan integreringsavdelinga klargjer bustadene og følgjer opp flyktningen og familien. Saman legg vi til rette for ei samla og heilskapleg bustadkjede.

Det er viktig å ta høgd for busetjing av flyktningar i dialogen med Husbanken og i søknader om rammetilskot. Dette gjer bustadplanlegginga meir langsiktig og treffsikker. Husbanken har ei sentral rolle i å støtta overgang frå leige til eige for flyktningar som har budd lenge i kommunen, mellom anna gjennom startlån og ulike tilskot.

3.2 Familierettleiar

Familierettleiar gir målretta, fleksibel oppfølging til sårbare flyktningar, familiar og enkeltpersonar med samansette utfordringar. Arbeidet omfattar bustadsosial oppfølging, støtte i foreldrerolla, hjelp til å byggje nettverk og sosiale relasjonar, rettleiing i møte med offentlege tenester og støtte til å meistre kvardagsliv, økonomi og integrering. Familierettleiar er ei viktig bærebjelke for dei som ikkje klarer seg godt åleine, og bidreg til tryggleik, stabilitet og betre livskvalitet.

3.3 Busetjing av einslege mindreårige flyktningar

Øygarden kommune har valt ei organisering der busetjing og oppfølging av einslege mindreårige flyktningar ligg under barnevernstenesta. EM-tiltaket omfattar ein døgnbemanna bustad for ungdommar mellom 13 og 18 år, og eit ettervern for ungdommar mellom 16 og 25 år.

Målet med EM-tiltaket er å sikra at born og unge som kjem utan foreldre eller andre omsorgspersonar får ei trygg, heilskapleg og god oppfølging. Tiltaket legg til rette for at ungdommane får den støtta dei treng innan både fysisk og psykisk helse. Her samarbeider ein tett med flyktinghelsetenesta. Slik kan ungdommane meistra kvardagen og få hjelp til å arbeide med og prosessere opplevingar, traume og belastningar dei har vore gjennom.


I EM-tiltaket arbeider dei systematisk med utvikling og integrering. Ungdommane får tett oppfølging i skule og fritid, og dei får støtte til å byggja sosiale relasjonar og læra språk og kultur. Dette er viktig for at dei skal oppleve tilhøyrslø og tryggleik i lokalsamfunnet.

Tiltaket skal òg sikra trygge og stabile oppvekstvilkår. Vaksne omsorgspersonar følgjer opp ungdommane i det daglege, og gir struktur, ein føreseieleg kvardag og tryggleik. Slik kan ungdommane oppleve livsmeistring og få ein god overgang til vaksenlivet.

3.4 Familiehelsetenesta

Kort tid etter busetjing vert flyktingane kalla inn til helsesjukepleiar for helsesamtale og legeundersøking. Flyktinghelsetenesta er ei avdeling i familiehelsetenesta og arbeider etter kommunehelselova og *Nasjonalfagleg rettleiar for helsetenester til flyktningar, asylsøklarar og familiegjenforeina*. Tenesta skal følgje opp familiar i 5 år frå dei vert busette.

Dei tilsette har særleg kompetanse og kunnskap om korleis migrasjonsprosessar og bakgrunn som migrant kan påverke helsetilstand, sjukdomsrisiko og tilgangen til gode helsetenester. Kompetansen er viktig for kommunen, og tenesta bidreg aktivt til å spreie kunnskapen vidare. Dette gjer ein gjennom deltaking på møter, undervisning for andre tenester og gjennom tett samarbeid med ulike fagmiljø i organisasjonen.



Modell for effekt av migrasjon på helse. Kilde: Migrant Health: A Primary Care Perspective. CRC Press 2019.

I den første helsesamtalen blir det gitt informasjon om helsetenestene i Norge. Her får alle flyktingar hjelp til å velja fastlege. Dei får òg hjelp til å få time hos tannlege og optikar når dei treng det. Likeverdige helsetenester krev mange ulike tiltak, og mykje av dette ligg utanfor helsesektoren. Flyktinghelsetenesta støttar busette flyktingar slik at dei får same rett til helsehjelp som alle andre. Det er særleg viktig den første tida etter busetting at helsesjukepleiarane gir støtte, vegleiing og praktisk hjelp. Personar med særlege helsebehov treng ekstra tett oppfølging. Bruk av tolk er viktig. Tenesta hjelper òg flyktingar som har avtale hos andre helsetenester, slik at dei får tolk til timane sine.

Helsesjukepleiarane i flyktinghelsetenesta underviser òg i introduksjonsprogrammet om tema som livsmeistring, helsetenester, helsefremjande arbeid og førstehjelp. Helsesjukepleier, jordmor og miljøarbeidar held i tillegg symjekurs og tilvenning i vatn for kvinner og born. Dette er eit viktig førebyggjande tiltak som kan hindre drukningsulukker.

Tenesta har som mål å gje foreldrerettleiingsprogrammet ICDP til alle foreldre. For å få til dette treng ein samarbeid med andre avdelingar som har tilsette med ICDP-kompetanse, eller som kan ta opplæringa. Vidare er det viktig at tenesta har eit tett og godt samarbeid med lærings- og integreringssenteret, sidan det ofte er dei same familiane som får hjelp frå begge einingane. Tilbodet kjem tidleg etter busetjing og skal styrkja foreldrerolla og betra oppvekstvilkåra til barna

Tematikk knytt til negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap, barneekteskap og kjønnslemlesting utgjer sentrale fagområde i ICDP-arbeidet, i undervisninga om livsmeistring og i opplæringa i innføringsklassane. I 2025 lanserte Arbeids- og inkluderingsdepartementet den nye handlingsplanen «*Sjef i eige liv – styrkt innsats mot negativ sosial kontroll og æres motivert vald*». Handlingsplanen understrekar behovet for systematisk kunnskapsheving og førebyggjande innsats. Å

sikre tilstrekkeleg kompetanse om desse tema, både blant flyktningar og i kommunale tenester, er ein sentral del av oppdraget i flyktninghelsetenesta.

Familiehelsetenesta ved jordmoravdelinga føl også opp gravide minoritetskvinner. Jordmor kan bestille Doula, som eit supplement til jordmor, dersom kvinnene ynsker det. Doula er ein trygg, beroligande og tilgjengeleg støtteperson som kjenner paret og deira ynskje, tankar og kjensler knytt til fødselen. Det er høg kompetanse i familiehelsetenesta ift sårbare og gravide minoritetskvinner og ein samarbeider tett med fastlege og spesialisthelsetenesta.

Tuberkuloseundersøking

Alle flyktningar og asylsøkarar som skal vera i Noreg i meir enn tre månader, har plikt til å ta tuberkuloseundersøking, jf. *tuberkuloseforskrifta*. Helsesjukepleiar i flyktninghelsetenesta kartlegg om dei som vert busette i kommunen, allereie har teke undersøkinga. Dersom det ikkje er gjort, organiserer helsesjukepleiar ei tuberkuloseundersøking.

Helsesjukepleiar følgjer opp resultata etter tuberkuloseundersøkinga etter råda i flytskjemaet frå Folkehelseinstituttet (FHI). [flytskjema-tuberkulose for-undersokelse-og-smitteoppsporing.pdf](#)

Skulehelseteneste og vaksiner

Flyktningehelsetenesta arbeider i innføringsklassane på barne-, ungdoms- og vidaregåande skule slik at barn og ungdom får tilpassa skulehelseteneste før dei vert overført til ordinære klassar.

Helsesjukepleiar i flyktningehelsetenesta kartlegg vaksinestatus til busett barn 0-20 jfr. retningslinjer frå FHI. Vidare vaksinasjon tilpassast slik at det vert mest mogeleg likt det norske barnevaksinasjonsprogrammet.

Vaksne vil òg få tilbod om vaksiner: [Vaksiner til voksne - FHI](#)

3.5 Skule og barnehage

Etter busetjingsfasen startar barn i skule og barnehage, og foreldra i opplæring og kvalifisering. Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) viser til kor viktig det er å bygge lag rundt born i barnehage, elevar i grunnskulen og deira føresette. Kommunen ynskjer å sørge for at alle barnehagar og skular har tilsette med god kompetanse om norsk som andrespråk og gode rutinar for korleis ein møter foreldre med andre skulekulturar og språk. Øygarden kommune har ansvaret for å legge til rette for eit godt samarbeid mellom skule og heim, informere om korleis skulen fungerer i Noreg, samt kva mogelegheiter og forventningar skulen har til samarbeidet. Føresette må også få formidle sine behov, forventningar og ynskje.

Kommunen har tilsette i stab oppvekst som samarbeider med einingane om tilpassa barnehage – og skuletilbod for nykomne minoritetsspråklege elevar. Kommunen tilbyr særskilt språkopplæring og minoritetsspråklege elevar kan få tilbod om skuleplass i ein innføringsklasse. Denne opplæringa kan vare i to år, men varierer frå elev til elev. Elevane får særskilt språkopplæring, og som oftast morsmål/tospråkleg opplæring i innføringstilbodet. Etter ei tid vert dei overførte til nærskulen, og ordinær klasse. Mange får tilbod om å vidareføre tilbodet om særskilt språkopplæring for ein

periode, men i mindre omfang. Kartlegging ligg til grunn for vurdering av behov for eventuelt vidareføring av særskilt språkopplæring.

Nykomne minoritetsspråklege elevar kan og få støtte på nærskulen i ordinær klasse, med eit tilrettelagt opplæringstilbod med morsmålsstøtte, og med forsterka opplæring i norsk. Denne modellen passar best om elevane er 1. – og 2. trinnselevar, medan eldre elevar, og nokre av dei yngste, kan få best utbytte av opplæringa i innføringsklasse. Samtale og kartlegging av eleven saman med føresette ligg som rutine før ein tilrår det eine, eller andre opplæringstilbodet. I Øygarden kommune blir innføringstilbod i grunnskulen gitt på Knappskog skule 1. – 7. trinn, og Tranevågen skule 8. – 10. trinn.

Øygarden som språkkommune har som mål at barn og unge med fleirspråkleg bakgrunn skal oppleve språkleg og kulturelt mangfald som ein verdifull ressurs:

[Fleirspråklege barn og unge - Språkkommunen Øygarden](#)

Kommunen legg til rette for å etablere eit likeverdig samarbeid, og skulen/barnehagen legg til rette for ein god dialog om barnet si læring og utvikling. Det er kultur for å bruke tolk og omsetje viktig informasjon, invitasjonar og anna materiale til ulike språk der det er naudsynt for å sikre forsvarleg kommunikasjon. Kommunen prioriterer, og legg til rette for kompetanseutvikling, tverrfagleg erfaringsdeling og vidareutdanning på fagfeltet migrasjon og norsk som andrespråk. Gode rutinar, rolleavklaringar og forventningar til andre tenester er avgjerande for å lukkast med god integrering.

For å sjå heile familien er det viktig at busetjarar, språkstøtte og helse er tett på dei føresette både rett etter busetjing, men også i oppfølginga vidare i samarbeid med programrådgjevar og kontaktlærar på læringssenteret. Kommunen sikrar at viktig informasjon og sluttrapportar vert overført i eigne møter, organiserer ansvarsgruppemøter der det trengs, og sikrar at vi tidleg identifiserer familiar som kan ha behov for ekstra oppfølging. Barnehage, skule og integreringsavdelinga har faste møtepunkt for å orientere om nye busetjingar av flyktningar og behov knytt til barn og familiar. Dette bidreg til tidleg innsats, god overgang mellom tenester og rask tilrettelegging rundt barnet.

3.6 Språkopplæring og kvalifisering gjennom introduksjonsprogrammet


Introduksjonsprogrammet skal gi deltakarane eit heilskapleg og individuelt tilpassa kvalifiseringsløp mot arbeid eller utdanning. Programmet omfattar opplæring i norsk og samfunnskunnskap, arbeidsretta tiltak og livsmeistring. Målet er at deltakarane utviklar tilstrekkelege norskferdigheiter til å delta i arbeidslivet eller vidare utdanning, og får kunnskap om rettar, plikter og moglegheiter i det norske samfunnet.

Samfunnskunnskapsopplæringa skal styrkja forståinga av det norske samfunnet og gi deltakarane kunnskap om rettar, plikter og moglegheiter til å påverka eiga framtid.

Livsmeistring skal styrkja motivasjon og meistring, ta opp utfordringar deltakarane møter i eit nytt samfunn og gi dei ferdigheiter til å ta gode val, identifisera eigne ressursar og vita når og kvar dei kan søkja hjelp. Målet er at deltakarane når måla sine i introduksjonsprogrammet og blir ressursar for seg sjølve, familien og lokalsamfunnet.

Foreldrerettleiing er ein obligatorisk del for deltakarar med barn, og skal styrkja foreldrerolla og bidra til gode oppvekstvilkår. I Øygarden kommune gjennomfører sertifiserte icdp-rettleiarar og tilsette i flyktninghelsetenesta dette tilbodet.

Introduksjonsprogrammet skal òg innehalda arbeidsretta og utdanningsretta tiltak, med mål om overgang til arbeid, utdanning eller anna varig kvalifisering.



Modellen over viser ulike delar av introduksjonsprogrammet. Innhaldet skal vera tilpassa kvar deltakar, og programmet er heilårleg og på fulltid. Deltakarane har ein fast programrådgjevar som har desse hovudoppgåvene:

- kartleggja behov og laga ein individuelt tilpassa integreringsplan saman med kvar deltakar, med tydelege slutt mål
- følgja deltakarane gjennom heile programmet og vera bindeledd til tenester som mellom anna Nav, skule og helse
- sikra og følgja opp opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og andre tiltak på vegen mot arbeid eller utdanning
- organisera innhald i perioden utan ordinær skulerute (juni, august, haustferie og vinterferie) med vekt på praksis, språk, nærmiljøkunnskap og temakurs som førstehjelp og brannvern
- laga avtalar om kommunale praksisplassar i alle sektorar
- inngå avtalar med lokale bedrifter om praksisplassar som gir reell arbeidserfaring
- knyta praksisopphald til målbare læringsmål eller kompetansebevis

- støtta deltakarane i overgangen til varig arbeid eller vidare opplæring, som vidaregåande skule eller studiar
- hjelpe deltakarar med jobbsøking, samt arbeidsretta tiltak og overgang til ordinært arbeid
- laga sluttvurdering og plan for overgang til arbeid, utdanning eller Nav i god tid før programslett

Rolla som programrådgjevar krev god koordinering og innsikt i samansette behov. Målet er å sikra at deltakarane ikkje fell mellom fleire tenester, men får ein samla og effektiv veg mot integrering i samfunn og arbeidsliv.

Integreringsavdelinga rapporterer jamleg kor mange som er busette, kor mange som deltek i introduksjonsprogrammet, og kor mange som er i praksis eller arbeid. Avdelinga følgjer òg med på kor mange som når målet sitt i form av jobb eller utdanning etter fullført program.

I tillegg gjennomfører vi ei årleg brukarundersøking. Resultata skal bidra til å forbetra kvalifiseringstilbodet og sikra brukarmedverknad, også på gruppenivå.

3.7 Kommunen som språk- og praksisplassarena

I tråd med integreringslova skal deltakarar i introduksjonsprogrammet, som har arbeid som slutt mål, delta i arbeidsretta tiltak i minst 15 timar per veke, allereie 3–6 månader etter oppstart i introduksjonsprogrammet. Kommunen skal tilby eit visst tal praksisplassar som språkpraksis. Her får deltakarane utvikla norskferdigheiter, læra om norsk kultur og arbeidsliv og byggja verdifull arbeidserfaring.

Under praksisperioden får både deltakar og arbeidsgjevar tett oppfølging frå programrådgjevar og/eller kontaktlærar. Norskopplæringa skal støtta deltakarane i praksis, og det kan etablerast bransjekurs med opplæring i arbeidsoppgåver for å førebu deltakaren til praksisplassen. Deltakarane får introduksjonsstønad frå kommunen og får ikkje løn i praksistida. Målet er at dei skal bli kvalifiserte for ordinært arbeid.

Etter praksisperioden vurderer vi i fellesskap vidare oppfølging, som kan vera:

- avslutta eller forlenga praksisplass
- mogleg ordinær tilsetjing
- tilsetjing med lønstilskot frå Nav
- vidare arbeidstrening
- søknad om mentortilskot frå Nav

3.8 Samarbeid med lokalt næringsliv/arbeidsmarknaden

Det vart halde samarbeidsmøte mellom Øygarden lærings- og integreringssenter, Vest næringsråd, Sartor senter ved senterdirektør og næringssjefen i Øygarden kommune for å styrkja koplinga mellom introduksjonsprogrammet og lokalt næringsliv. Partane vart i første møte samde om å utvikla ei digital, bransjeinndelt kompetanseliste etter modell frå Namsos. Lista skal gi næringslivet oversikt over kompetansen deltakarane i introduksjonsprogrammet har, og gjera det enklare å finna aktuelle kandidatar til praksis og mogleg arbeid.

[Deltakere - Lærings- og integreringssenter](#)

Bedrifter kan, med utgangspunkt i lista, ta kontakt med integreringsavdelinga for å koma i dialog med aktuelle deltakarar. Løysinga er no publisert på Øygarden kommune sine nettsider og kan og lenkjast frå nettsidene til partane.

3.9 Arbeidsretta og fleksibel norskopplæring

Fleksibel, arbeidsretta norskopplæring bidreg til at fleire får tilgang til den norske arbeidsmarknaden. Med kveldskurs og digitale kurs kan deltakarane halda fram med språkopplæringa ved sida av praksis og arbeid. Norskopplæringa skal i endå større grad tilpassast kvar einskild deltakar, både med tanke på langsiktige mål og mål for introduksjonsprogrammet.

Lærings- og integreringssenteret skal òg leggja til rette for intensiv språkopplæring for deltakarar utanfor introduksjonsprogrammet. Dette gjeld særleg personar som har høgare utdanning eller arbeidserfaring, og som treng rask språkleg utvikling og kunnskap om norsk arbeidsliv.

3.10 Utdanningsretta løp

Deltakarar som har høgare utdanning frå heimlandet skal få hjelp til å få formell godkjenning av dokumentasjonen, og eventuelt få vurdert realkompetansen sin. Deltakarar kan ta førebuande kurs eller studiar som gir opptak til høgare utdanning som del av introduksjonsprogrammet.

Øygarden kommune skal leggja til rette for at fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet får formell kompetanse i form av heile eller delar av vidaregåande opplæring. Retten til vidaregåande opplæring for vaksne er ikkje tidsavgrensa. Ho varer til deltakaren har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse.

Lærings- og integreringssenteret skal sørgja for at deltakarar utan grunnskuleopplæring frå heimlandet får førebuande opplæring og eventuelt realkompetansevurdering i dei fem faga dei treng for å koma inn i vidaregåande opplæring. Kommunen skal òg arbeida for kombinasjonsløp der deltakarane får opplæring i fov-fag og vov-fag/praksis i vidaregåande opplæring samstundes. Vi skal rettleia kvar deltakar individuelt og laga eit kvalifiseringsløp som er tilpassa rettane, behova, bakgrunnen og livssituasjonen deira.

3.11 Nav si rolle i integreringsreisa

Nav er ein heilt sentral samarbeidspart i det arbeidsretta integreringsarbeidet og innhaldet i Introduksjonsprogrammet. Det er utarbeida ein samarbeidsavtale mellom Nav og Øygarden lærings- og integreringssenter for å sikre godt samarbeid, ansvarsdeling, informasjonsflyt og samarbeid om deltakarane i programmet. Deltakarar kan registrerast som arbeidssøkjarar allereie i kartleggingsfasen, og vi bør dela relevant informasjon om helse og barn for å unngå dobbeltarbeid, innanfor gyldig samtykke. God dialog og tidleg involvering av nav er avgjerande.

Nav sine verkemiddel skal nyttast aktivt. Arbeidsmarknadsopplæring (AMO-tiltak) skal planleggjast i samarbeid mellom nav og integreringsavdelinga, og deltakarar kan meldast på fortløpande. Lønstilskot, mentorordning og jobbtreff kan òg brukast målretta for å gjera vegen til arbeid kortare. Nav bør bidra med innhald og deltaking i introduksjonstida ved behov, til dømes i periodar utanom ordinær skulerute, og i tillegg bidra med eigne kartleggingar når dette støttar deltakaren sin veg mot arbeid.

I Øygarden kommune har vi prosjektet IPS-flyktning som eit målretta tiltak for deltakarar som treng tett, individuell oppfølging inn i ordinært arbeid. Tiltaket kombinerer arbeidsretta støtte med oppfølging av helse og livssituasjon.

Jobbsjansen er òg eit viktig tilbod for heimeverande kvinner med innvandrarbakgrunn som står utanfor arbeidslivet og som har behov for kvalifisering. Programmet gir eit individuelt tilpassa heiltidsløp med språkopplæring, arbeidsretta aktivitetar, praksis, fast kontaktperson og løn. Målet er å hjelpe deltakarane vidare til arbeid eller utdanning.

4. Samarbeid med frivillige organisasjonar

4.1 Kvardagsintegrering

FN sin barnekonvensjon og norsk lov gir alle barn og unge rett til å delta i fritidsaktivitetar. Likevel fell mange utanfor, både i Øygarden og nasjonalt. Årsakene kan mellom anna vera låg inntekt eller sosial status hos føresette, innvandrarbakgrunn eller geografi. Dette er faktorar som er vanlege i målgruppa vår. Regjeringa sin integreringsstrategi slår fast at *«kvardagsintegrering skjer der folk møtest i små og store fellesskap, på formelle og uformelle arenaer som arbeidsplass, barnehage, skule, nærmiljø, kulturliv og frivillig sektor»*. Øygarden kommune legg derfor vekt på å styrkje slike møteplassar og støtta lokalt engasjement.

I samfunnsdelen av kommuneplanen (kapittel 5) står det at:

- barn og unge skal ha like moglegheiter, og tidleg innsats skal rusta dei for vidare utdanning og arbeidsliv
- kommunen skal skapa eit raust og inkluderande samfunn som styrkjer identitet og fellesskap
- ressursane blant innbyggjarane skal mobiliserast, uavhengig av alder, funksjonsevne eller etnisitet
- kultur- og fritidstilbod skal vera tilgjengelege gjennom kollektivtransport eller andre ordningar

Barn og unge med minoritetsbakgrunn bør ha same moglegheiter til deltaking som andre. Spreidd busetnad, lite kollektivtransport, helseutfordringar, økonomi, språk og sosial status kan likevel vera hinder. Kunnskapsgrunnlaget viser at fritidsaktivitetar er viktige for integrering, språkutvikling, meistring og tilhøyrse, særleg i ein langstrakt kommune som Øygarden.

Kommunen har busett mange flyktningar, og fleire deltek lite i fritidsaktivitetar. Manglande kunnskap om tilbod, språkutfordringar, transportutfordringar, økonomi og lite nettverk kan skapa barrierar. Øygarden kommune vil derfor prioritera samarbeid med frivillig sektor for å senka terskelen for deltaking og sikra at fleire får tilgang til aktivitetar i nærmiljøet.

4.2 Samarbeid med frivilligheita

Kommunen samarbeider tett med frivillige lag, foreiningar og andre aktørar, mellom anna Hordaland idrettskrets, Øygarden idrettsråd, idrettslaga, kulturskulen, Basecamp og andre lokale fritidsarenaer. Målet er å styrkja samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor, slik at fleire barn, unge og familiar med minoritetsbakgrunn får høve til å delta i aktivitetar og fellesskap i lokalsamfunnet.

Frivillig sektor er ein viktig medspelar i integreringsarbeidet. Lærings- og integreringssenteret vil leggja til rette for dialog, informasjonsdeling og samordning av tiltak. Dette omfattar samarbeid om aktivitetar i introduksjonstida, i skulevardagen og på kveldstid, og bruk av eksisterande møteplassar og lågterskeltilbod. Språkkafé for målgruppa er eit godt etablert tiltak og er eit døme på samarbeid mellom Røde Kors og kommunen.

Integreringsavdelinga og Nav Øygarden har ei viktig rolle i å sikra økonomiske føresetnader for deltaking i fritidsaktivitetar. Familiar med born i skulealder og inntekter på sosialhjelpsnivå kan søkje om stønad til å dekke kostnader til organiserte fritidsaktivitetar til borna. Kommunen kan òg søkja ulike tilskotsordningar i samarbeid med frivillige organisasjonar for å leggja til rette for deltaking i aktivitetar, t.d gjennom «AlleMed»-fondet.

4.3 Aktivitetsguide som verkemiddel for integrering

Øygarden kommune samarbeider med Hordaland idrettskrets om tilbod om aktivitetsguide. Aktivitetsguidane støttar barn, unge og familiar med minoritetsbakgrunn i å finna, starta og halda fram i eigna fritidsaktivitetar.

Aktivitetsguidane skal gi individuell rettleiing og praktisk støtte. Dei informerer om lokale tilbod, hjelper med påmelding, forklarar transport og bussruter og kan, der det er mogleg, leggja til rette for samkøyring. Ordninga er særleg viktig i Øygarden, der mange bur usentralt og har avgrensa tilgang til kollektivtransport. Aktivitetsguideordninga er eit tidsavgrensa tilskot. Kommunen vil søkja midlar årleg for å sikra vidareføring av tiltaket.


4.3 Vidare utvikling

Kulturavdelinga vil arbeida vidare med å utvikla ei samla, digital oversikt over fritidstilbod i Øygarden. Ho skal vera tilgjengeleg for innbyggjarar, tilsette og samarbeidspartnarar. Målet er å betra informasjonsflyten og gjera det enklare å kople målgruppa til relevante aktivitetar. Gjennom systematisk samarbeid med frivillig sektor og målretta bruk av verkemiddel som aktivitetsguide ønskjer Øygarden kommune å styrkja kvardagsintegreringa. Dette skal bidra til integrering, deltaking og tilhøyrse i lokalsamfunna.

4.4 Sosiale møteplassar – førebygging av rasisme og diskriminering

I Øygarden kommune har vi over tid sett eit stort behov for ein meir heilskapleg modell for integreringsarbeidet. Språk og tilknyting til arbeidslivet er viktige faktorar, men arbeidet med sosial integrering er òg sentralt. Vi ønskjer å sjå på korleis vi som samfunn kan bidra og koordinera tiltak for å førebyggja einsemd og utanforskap. Dersom vi klarar å byggja bru mellom minoritets- og majoritetsbefolkninga, mellom anna gjennom sosiale møteplassar for både barn og vaksne, vil dette bidra til at flyktningar og innvandrarakar får høve til å skapa nære og trygge relasjonar i lokalsamfunnet vårt.

[Sosial integrering | IMDi](#)





Regjeringa har stort fokus på innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, og utarbeida ein handlingsplan: [Handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold | IMDi](#).

Øygarden kommune har utarbeida sitt eige dokument for fast framgangsmåte knytt til ulike former for sosial kontroll. Rutina ligg i kvalitetssystemet Compilo og er ein rettleiar til tilsette i Oppvekstsektoren som mistenkjer slike tilhøve.

5. Integreringstilskotet og andre tilskotsordningar frå IMDi

Integreringstilskotet skal:

- bidra til rimeleg dekning av utgifter til busetjing og integrering av flyktningar i busettingsåret og dei fire påfølgjande åra
- bidra til rask og treffsikker busetjing
- bidra til at kommunen driv eit planlagt og aktivt busettings- og integreringsarbeid, slik at flyktningar snarast mogleg kjem i arbeid, kan forsørgja seg sjølve og delta i samfunnet
- bidra til rask busetjing av eldre flyktningar og personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar
- saman med tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap finansiera introduksjonsprogrammet

Kva skal tilskotet brukast til?

Integreringstilskotet blir utbetalt uavhengig av behova til kvar flyktning. Tilskotet skal bidra til å dekkja utgifter kommunen har til mellom anna:

- innvandrar- og flyktningtenester
- bustad og bustadforvaltning
- introduksjonsprogram og introduksjonsstønad
- sysselsettingstiltak
- yrkeskvalifisering og arbeidstrening

- sosialtenester
- barnevern og ungdomsvern
- tolketenester
- barnehage
- tiltak i grunnskulen
- kultur- og ungdomstiltak
- helsetenester
- omsorg og støttekontakt for personar med rusproblem

Satsar og utbetaling

Det er ulike satsar for integreringstilskotet, avhengig av kva kategori personen vert busett under i år 1. Frå år 2 til år 5 får alle same sats, uavhengig av kategori. Satsane er høgast i år 2. Tilskotet blir vanlegvis utbetalt i fem år, og omfattar òg familieinnvandra til personar med flyktningstatus. Personar med familieinnvandring til nokon med opphald på humanitært grunnlag utløyser tilskot i tre år.

- I år 1 blir heile tilskotet utbetalt frå registrert busetjing.
- I år 2–5 blir tilskotet utbetalt fire gonger i året (terminutbetaling).

[Integreringstilskudd | IMDi](#)

Satsane i tabellen under er henta frå 2025:

Målgruppe	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5
Einslege vaksne	250 500	259 200	184 300	91 400	74 800
Vaksne	202 000	259 200	184 300	91 400	74 800
Einslege mindreårige	194 300	259 200	184 300	91 400	74 800
Familieinnvandring	202 000	259 200	184 300		
Barnehagetilskot	28 900	eingongstilskot			
Eldretilskot	187 600	eingongstilskot			

Andre tilskotsordningar:

1. EM tilskot:
[Særskilt tilskot for busetjing av einslege mindreårige](#)
2. Norsktilskotet:
[Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar | IMDi](#)
3. Ekstratilskot er øyremerka tilskot etter søknad, knytt til personar med dokumentert nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar:
[Bosetting av personer med nedsatt funksjonsevne eller atferdsvansker | IMDi](#)

5.1 Samordne, søkje og rapportere på ekstratilskot

Kommunalsjefområde Oppvekst har ein fast framgangsmåte for å søkje og rapportera på ekstratilskot for flyktningar som treng ekstra tiltak på grunn av funksjonsnedsetjing eller åtferdsutfordringar. Når tenestene samarbeider godt, kan midlane dekkja lønsutgifter til tilsette som jobbar med fleire brukarar samtidig. Ordninga gjeld både barn og vaksne i målgruppa. Det må sendast ein søknad for kvar person, sjølv om fleire tenester, som t.d helse og heimetenesta, kan vera involverte i oppfølginga. [Rutine for å søkje ekstra tilskot frå IMDI \(2023\).docx](#)

6. Bruk av tolk i opplæring og offentlege tenester

Tolkelova skal sikra rettstryggleik og forsvarleg hjelp til personar som ikkje kan kommunisera godt nok med offentlege tenester.

Kommunen har laga ein rettleiar for korleis ein skal bestilla og bruka tolk i offentlege tenester òg i oppvekstsektoren. Kommunen skal arbeida for at alle minoritetsspråklege møter tilsette som veit når dei skal bruka tolk. Dette er viktig i alle sektorar, særleg i helsetenestene, på innbyggartorg og nærttenestesenter og på Nav.

[Bruk av tolk i offentlege tenester Øygarden kommune.docx](#)

Øygarden kommune har fleirspråklege barn og elevar som eit eige satsingsområde i språkkommunen Øygarden. Målet er at alle barn skal møta tilsette med kunnskap om korleis språk utviklar seg, slik at vi legg til rette for at dei får språkkompetanse som gir likeverd, reduserer skilnader og styrkjer livsmeistringa. Det langsiktige målet er at barna fullfører vidaregåande skule. Det er òg viktig å kople føresette til både barna si læring og eiga læring.

Språkkommunen viser til at vi skal bruka tolk i kommunikasjon med foreldre i desse situasjonane:

- i tilvenningsperioden
- ved oppstart
- i all kommunikasjon med føresette
- startsamtale
- utviklingssamtale
- andre viktige samtalar med foreldre og barn
- BTI-samarbeid
- informasjon på fleire språk (omsett dokument)
- foreldremøte

Dette er eit integreringstiltak som, i tillegg til å hindra misforståingar, er lovpålagt i tolkelova (lov om offentlege organ sine plikter til å bruke tolk).



7. Oppsummering av hovudpunkta i plan for integrering i Øygarden kommune

Temaplanen for integrering viser korleis Øygarden kommune vil leggja til rette for at flyktningar og innvandrarakar får ein trygg start, lærer norsk, kjem i arbeid eller utdanning og blir ein del av lokalsamfunnet. Planen løftar spesielt fram barn, familiar og kvardagsintegrering.

Eit samla system frå busetjing til sjølvstende

Kommunen skal følgja kvar deltakar gjennom heile integreringsreisa – frå busetjing til overgang til arbeid eller utdanning. Lærings- og integreringssenteret har hovudansvaret for koordineringa av tenestetilbodet for dei vaksne flyktningane, men arbeidet skjer i tett samarbeid med barnehagar, skular, helse, Nav, frivillige organisasjonar og lokalt næringsliv.

Tidleg innsats og god samhandling

Planen byggjer vidare på dei tre grunnpilarane tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og førebygging av utanforskap gjennom integrering. Målet er at kommunale tenester skal jobba samla og unngå at personar fell mellom fleire system. Planen viser korleis ein skal styrkja dialog, rutinar og møtepunkt mellom tenestene.

Språk, kvalifisering og arbeid

Introduksjonsprogrammet skal kvalifisere flyktningen til deltaking i samfunnet og innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap, livsmeistring, foreldrerettleiing og arbeidsretta tiltak. Målet er at fleire kjem raskt i arbeid eller vidare utdanning. Planen legg vekt på:

- fleire praksisplassar i kommunen
- tettare samarbeid med næringslivet
- fleksibel og arbeidsretta norskopplæring
- tilrettelegging for utdanningsløp, inkludert FOV og vidaregåande opplæring

Barn, familiar og kvardagsliv

Barn og foreldre får særleg merksemd. Kommunen vil sikra at barnefamiliar skal få tidleg støtte og gode rutinar rundt helsetenester, skule, bustad og fritid.

- rask overgang til barnehage og skule
- særskilt språkopplæring for born og elevar
- foreldrerettleiing
- god bruk av tolk
- hjelp til deltaking i fritidsaktivitetar

Frivillig sektor som medspelar

Frivillige lag og organisasjonar er viktige for integrering. Kommunen vil styrkja samarbeidet og leggja til rette for tiltak som aktivitetsguidar og sosiale møteplassar, og jobba systematisk mot rasisme og negativ sosial kontroll.

Eit langsiktig arbeid med kontinuerleg forbetring

Planen har ikkje ein fast tidsperiode, men skal reviderast ved behov. Den legg grunnlaget for eit langsiktig integreringsarbeid der kvalitet, samarbeid og resultat for busette flyktningar og innvandrarar er i sentrum.

8. Vedlegg

Oversikt over persontypar, rettar og plikter etter integreringslova og utlendingslova

Denne oversikta viser dei viktigaste persontypene i integreringslova, kva rettar og plikter dei har, og kva krav som gjeld ved søknad om permanent opphaldsløyve og statsborgarskap.

Persontype:	Kven dette gjeld:	Rett og/eller plikt:
Flyktningar og deira familiegjenforeinte (18–55 år) (busett etter avtale mellom kommunen og IMDi)	Personar som har budd mindre enn 2 år i kommunen og har opphald som: • flyktning • overføringsflyktning • sterke menneskelege omsyn • kollektiv beskyttelse • familieinnvandring med ein person som har ei av løyvene over	• Rett til introduksjonsprogram • Rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som del av programmet. • Programmet skal starta innan 3 månader. • Plikt til å delta i programmet og opplæringa. • Kommunen registrerer deltaking og fråvær i NIR.
Personar over 55 år, eller busette utan IMDi-avtale	Personar som elles oppfyller vilkåra, men er over 55 år, eller ikkje vart busette gjennom IMDi.	Kommunen <i>kan</i> tilby introduksjonsprogram. Rett og plikt til norsk og samfunnskunnskap til 67 år Plikt til å følgja opp programmet dersom dei takkar ja.
3. Personar med rett og plikt til norsk og samfunnskunnskap (18–67 år)	Alle som har rett og/eller plikt til introduksjonsprogram Familiegjenforeinte med norsk borgar eller utlending med permanent opphald som referanseperson	• Rett til norskopplæring fram til norskmålet er nådd eller til tidsramma er brukt opp: • 18 månader med utdanning på vidaregåande nivå eller høgare • 3 år utan slik utdanning • Rett og plikt til 75 timar samfunnskunnskap.

Personar som berre har plikt til norskopplæring	Arbeidsinnvandrarar og sjølvstendig næringsdrivande som kjem frå land utanfor EØS Familieforeinte med gruppa over	• 225 timar norskopplæring. • 75 timar samfunnskunnskap. • Plikt til å nå norskmålet eller bruka opp timane.
Personar som fekk opphald før dei fylte 18 år	Born av flyktningar og einslege mindreårige flyktningar Born av familieforeinte og born av arbeidsinnvandrar	Dei er ikkje omfatta av integreringslova. Rett til opplæring etter opplæringslova (grunnskule og vidaregåande).

Felles krav for alle vaksne (18–67 år) ved søknad om permanent opphald:

- **Pass eller nasjonalt ID-kort**
- **Reiseoversikt** for dei siste åra
- **Bestått norskprøve A2 munnleg**
- **Bestått samfunnskunnskapsprøve**
- **Inntektsdokumentasjon og likningsopplysningar**
- Må visa at dei ikkje har motteke **økonomisk sosialhjelp** siste 12 månader

Felles krav ved søknad om norsk statsborgarskap (18–67 år)

- gyldig **pass eller nasjonalt ID-kort**
- **reiseoversikt** for dei siste åra
- **bestått norskprøve** på nivå B1 (munleg)
- **bestått samfunnskunnskapsprøve** på norsk eller statsborgarprøve
- **opplæringskrav** i norsk etter integreringslova eller opplæringslova (der dette gjeld)
- **inntektsdokumentasjon og likningsopplysningar** som viser at personen har hatt inntekt over butida, og at inntekta har vore stabil
- dokumentasjon på at personen **ikkje har motteke økonomisk sosialhjelp** i ei lengre periode (UDI vurderer perioden)
- at personen oppfyller **vandelskrav**, som inneber at politiattest må leggjast ved

9. Kjelder og inspirasjon

Nettsider

- Færder kommune. *Introduksjonsprogram*.
- Eigersund kommune. *Inkluderings- og integreringsplan*.
- SSB: [Flyktningar og arbeidsmarknaden](#).
- Aftenposten. [Fakta om innvandring som skremmer – og som beroliger](#).
- NAFO. Ressursar: [Laget rundt eleven](#).
- IMDi. [Brukarundersøking for nykomne innvandrarakar i opplæring](#).
- IMDi rettleiar: [Kvalifiseringsløp for vaksne innvandrarakar](#).
- IMDi [Slik kan kommunene hjelpe flyktningforeldrene](#) | IMDi
- IMDi tolkeloven: [Tolkeloven](#) | IMDi

Kunnskapsgrunnlag og rapportar

- Meld. St. 17 (2023–2024). [Om integreringspolitikken: «Stilla krav og stilla opp»](#). Kapittel 10: Styrkt samarbeid og samordning.
- IMDi rapport: [Hvordan går det med integreringen i Norge](#) – Indikatorer, status og utviklingstrekk i 2025.
- FAFO-rapport 2024:09 (delrapport 2). *Implementering av standardiserte element i introduksjonsprogram: «Var det oppskrifta som mangla?»* Kapasitets- og samordningssvikt.
- KS. [Veikart for tenesteinnovasjon](#).
- KS. [Utanfor-rekneskapen](#) (vegkart for tenesteinnovasjon).
– Budsjettøkonomisk modell for å rekna lønsemd og gevinst av å investera i førebyggjande tiltak, med særleg vekt på sårbare grupper som har nytte av tidleg innsats (til dømes barn i innvandrar- og låginntektsfamiliar).
- Institutt for samfunnsforskning (2024:3). [Tilrettelegging for integrering av flyktningar i Noreg](#) – organisering, tiltak og røynsler. Samlokalisering og tett samarbeid i kommunen og opne kanalar til NAV.
- Deloitte. *Det tverrfaglege samarbeidet i tenester til barn og unge i Øygarden kommune*
- Etter foreldreveiledning FAFO rapport: [«Etter foreldreveiledning»](#) | IMDi
- Øygarden kommune. [Samfunnsdelen til kommuneplanen](#), kapittel 4 og 5.
- Øygarden kommune. [Førebyggjande plan](#) – Oppvekstreforma.